

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 10. Juli 2008.



Feriestille i dalen. Dei fleste med såkalla ”fellesferie” er no ferdige med halvparten av sine tilmålte fridagar. På heimebane har vêret variert frå det gode til det miserable. Mange er naturleg nok borttreist, så Velledalen er ein feriestille arena for tida.

Storfisk i Nysætervatnet. Odd Harald Hovde, utflytta velledaling kan vi vel kalle han, slo til med storfangst i Nysætervatnet nyleg. Truleg måtte han gni seg i augene både to og tre gonger då eit ”beist” av ein aure på 4958 gram sprella ut av garnet. Fisken hadde ei lengde på 70 cm og eit brystmål på 42 cm kunne Sunnmørsposten fortelje. Når det gjeld brystmålet kan vi røpe at dette ligg kloss opp til dei barmfagraste kvinnfolka i dalen. Imponerende !
(Når det gjeld fiske i elv: ingen fangstar melde)

På fjellet det skjer. Her er dei to svenske forfattarane Anette Tamm og Sanna Tørneman for tredje året. Dei arbeider med fem barnebøker, mellom desse ei om økobruket til Nils Sigurd Drabløs og Gunhild Øigarden, samt sætredrifta deira på Dravlausstølen. Ei anna av bøkene skal fylgje Gunhild og folkemusikarkollega Hans Gubhage på leiting etter tradisjonelle melodiar og tekstar. Tamm og Tørneman er identisk med dei to damene som nærast (litt overdreve) røntgenfotograferte 17.mai-toget i Velledalen dette året, og som alle la merke til.

Gode fiskekaker. Verre er det at dei to damene på veg til Velledalen stal ein katt (Nøste) på ein bensinstasjon i Stryn. Dermed vart det ei stor mediesak frå ”fjellet” vårt. Ei svensk avis løyste saka etter at bilen (med nummer) vart filma av overvåkingskamera. Forfattardamene meinte å tru det var ein eigarlaus katt dei hadde teke. Dei hadde til og med vore til dyrlege med den. Dessutan var den skrubbsvolten. Heile fem fiskekaker skulle den ha sett til livs, stod det å lese i pressa. Det er å vone at truverdet til dei to damene er større som barnebokforfattarar enn som kattatjuvar.

Framleis på frifot. Kalven til Gunn Karin Solberg, om lag 6 mnd gamal, er framleis på frifot. Den rømnde under utslepp av dyr frå fjøsen på Brøvoll. Seinare har den vore innom Hole, Hjorthol og Brunstad. No går den på Brunstad, melder pålitelege kjelder til Dalen i Sentrum.

Kortare opningstid. I fellesferien (til og med 2.august) har Joker-butikken i Velledalen redusert opningstid. I denne perioden er det 1000-1700 som gjeld (alle dagar minus sundag).

Annonseorgan. Dalen i Sentrum har vist seg å vere eit bra annonseorgan. Har du noko du vil kjøpe eller selje, så meld frå til Atle Hole 70 25 07 49, e-post: atlehole@online.no. Særleg turr ved kjem det garantert spørsmål om. Meld frå om du har!

Produktivt år. Mykje av året står att, men alt tyder på at 2008 vert eit godt år med tanke på barnefødsjar i Velledalen. Svært gledeleg, med tanke på folketal, barnehage, skule, butikk og fritidstilbod. I relativt små bygdesamfunn heng alt saman, til og med gjødselprisane (som har dobla seg i løpet av siste året).

Hogg skog! Ta deg ein tur og stogg eksempelvis på Hole bru (ved K. B. Lade) Kik nedover elva (dalen). Eit syrgjeleg syn. Sjølv i vindstille vil du ha vanskar med å manøvrere ein fiskeongel med makk ned i vatnet. Og diverre; denne staden er ikkje noko særsyn.

Les Dalen i Sentrum på www.velledalen.net

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.